

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Møtebok for Kommunestyret

Den 19.09.2013 kl 11:45 – 17.30 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 039/13 - 048/13

Innkalling til møtet var sendt ut den: 12.09.2013.

### Desse møtte:

<b>Arbeiderpartiet:</b>	<b>Høgre:</b>	<b>Senterpartiet:</b>
Birger Wergeland (vara)	<b>Karstein Totland, ordførar</b>	Vigdis Jorunn Søvik
Arthur Reidar Sjusen	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Bjørn Egil Nordland	Wenke Fredheim Ekren	
	Lene Hansen Kvamsdal	
	Vebjørn Haugsdal (vara)	
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
Ragnvald Tangedal	John Torgeir Torsvik	
	Kjetil Fjellby	

<b>Kristeleg Folkeparti:</b>	<b>Framstegspartiet:</b>	<b>Venstre:</b>
Marit Steinestø, varaordførar	Willy Borge	Egil Kvingedal
Lillian Andvik	Erlend Kvamsdal	Tove K. Sleire Tistel
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>

### Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Ass. Rådmann Sveinung Toft
Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>
<b>Møteleiar:</b>	Ordførar Karstein Totland	
<b>Utlevert i møtet:</b>		
<b>Orientering:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Erlend Kleiveland møtte frå NGIR for å orientera om NGIR sitt arbeid</li><li>• Erik Iversen møtte for å orientera om Ungdata undersøkinga i Masfjorden 2013.</li></ul>	
<b>Sp.mål/interpell.:</b>		
<b>Synfaring:</b>		
<b>Diverse:</b>		

**Innkallinga vart godkjent.**

**Sakslista vart godkjent.**

Ordførar Karstein Totland gjorde framlegg om Arthur Sjursen og Lene H. Kvamsdal til å skriva under møteboka.

Samrøystes vedteke.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
039/13	13/557	Godkjenning av møteprotokoll	4
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
040/13	12/14	Tjenesteavtale 3 og 5 for samarbeid om inntak i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan rusmedisin og psykisk helsevern for barn, unge og voksne	5
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
041/13	11/393	2. gangs handsaming av områdeplan Sandnes - planområde mellom barnehagen og skulen	7
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
042/13	12/778	Breiband i Hordaland, fase 3 - innspel frå kommunar og regionråd	18
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
043/13	13/398	Søknad om lån til utbetring av Haugsværtunet AS	8
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
044/13	13/556	Skriv og meldingar	10
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
045/13	13/560	Budsjettrevisjon 2013	12
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
046/13	13/348	Økonomisk rapportering - 2. Tertialrapport 01.05. - 31.08.2013	13
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
047/13	13/563	Masfjordsambandet - pilotprosjekt	14
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
048/13	13/234	Kraftspela 2013	15

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	19.09.2013	039/13	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 13/557
-----------	---------------------

### SAK 039/13 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå formannskapet den 12.06.2013 vert godkjent slik han ligg føre.

#### KS-039/13 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 12.06.2013 dato vert godkjent slik han ligg føre.

**Det skjedde i Kommunestyret den 19.09.2013:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	19.09.2013	040/13	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-016, N-40	Arkivsaknr.: 12/14
--------------------	--------------------

### **SAK 040/13 - TJENESTEAVTALE 3 OG 5 FOR SAMARBEID OM INNTAK I OG UTSKRIVING FRÅ SPEIALISTHELSETENESTA INNAN RUSMEDISIN OG PSYKISK HELSEVERN FOR BARN, UNGE OG VOKSNE**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek Tenesteavtale 3 og 5 for samarbeid om rusmedisin og psykisk helsevern slik denne ligg føre i vedlegg til denne saka.

Avtalen styrer samarbeid mellom Masfjorden kommune og spesialisthelsetenesta - Helse Bergen, Olaviken, Solli, Betanien og Bjørkeli.

#### **Finansiering**

#### **Heimel**

**KS-040/13 VEDTAK :**

**Kommunestyret vedtek Tenesteavtale 3 og 5 for samarbeid om rusmedisin og psykisk helsevern slik denne ligg føre i vedlegg til denne saka.**

**Avtalen styrer samarbeid mellom Masfjorden kommune og spesialisthelsetenesta - Helse Bergen, Olaviken, Solli, Betanien og Bjørkeli.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 19.09.2013:**

**Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.**



## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
29	I	07.08.2013	Helse Bergen v/ Magne Høgelid	Tjenesteavtale 3-5 for rusmedisin og psykisk helsevern barn unge og voksne til formell handsaming
30	S	13.08.2013		Tjenesteavtale 3 og 5 for samarbeid om inntak i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan rusmedisin og psykisk helsevern for barn, unge og voksne
31	U	22.10.2013	Helse Bergen v/Magne Høgelid	Melding om politisk vedtak - Tjenesteavtale 3 og 5 for samarbeid om inntak i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan rusmedisin og psykisk helsevern for barn, unge og voksne

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Avtalen som no ligg føre er resultat av lengre utgreiingar og høyringar. Den er del av avtalesamlinga som skal styre samarbeidet mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Avtalen skal styre ansvarsdeling, oppgåvefordeling og samhandlingsflyt mellom behandlingsnivåa.

### HØYRING

Avtalen har vore til partane til høyring og vart handsama i samarbeidsutvalet i juni i år. Avtaleutkastet som no ligg føre vart handsama der utan merknader.

### FAKTA

Innhaldet i avtalen går fram av sjølve avtaleteksten som ligg vedlagt.

### VURDERING

### KONKLUSJON

Rådmannen har ingen merknader til innhaldet i avtalen slik den no føreligg. Avtaleteksten er gjennomarbeidd og partane har hatt høve til å påverke i prosessen.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	09.09.2013	051/13	Sveinung Toft
Kommunestyret	19.09.2013	041/13	Sveinung Toft

Arkiv: N-504

Arkivsaknr.: 11/393

### **SAK 041/13 - 2. GANGS HANDSAMING AV OMRÅDEPLAN SANDNES - PLANOMRÅDE MELLOM BARNEHAGEN OG SKULEN**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner framlegg til områdeplan for Sandnes i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 slik den ligg føre.

Det vert vist til vedlagde revidert plankart av 20.08.2013 og føresegner av 30.07.2013.

#### **Finansiering**

Gjennomføringa av planen er egne prosessar.

#### **Heimel**

Plan- og bygningslova sin § 12 – 12.

**FS-051/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Kommunestyret godkjenner framlegg til områdeplan for Sandnes i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 slik den ligg føre.

Det vert vist til vedlagde revidert plankart av 20.08.2013 og føresegner av 30.07.2013.

**Det skjedde i Formannskapet den 09.09.2013:**

Saka vart drøfta.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd overfor kommunestyret.

**KS-041/13 VEDTAK:**

**Kommunestyret godkjenner framlegg til områdeplan for Sandnes i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 slik den ligg føre.**

**Det vert vist til vedlagde revidert plankart av 20.08.2013 og føresegner av 30.07.2013.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 19.09.2013:**

Saka vart drøfta.

**Egil Kvingedal, V**, sette fram slikt framlegg:

Områdeplan for Sandnes vert sendt ut på ny høyring for å sikra ein meir demokratisk prosess.

**Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Venstre vart røysta mot kvarandre.

**Tilrådinga frå formannskapet vart vedteke med 14 mot to røyster. (V)**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	14.06.2011	Asplan Viak AS; Norconsult AS; Rambøll Norge AS; siv.ing. Holmefjord;	Prisførespurnad på utarbeiding av områdeplan for Sandnes, Masfjorden kommune
2	I	04.07.2011	Nordplan AS Asplan Viak AS	Tilbud på konsulenttenester - utarbeiding av områdeplan for Sandnes
3	I	04.07.2011	Norconsult AS	Tilbud på utarbeiding av områdeplan for Sandnes, Masfjorden kommune
4	U	08.07.2011	Asplan Viak AS	Svar på dykkar tilbod på konsulenttenester - utarbeiding av områdeplan for Sandnes
7	I	10.10.2011	Statens vegvesen Region Vest	Reguleringsplan - varsel om oppstart av planarbeid - Sandnes fv. 570
6	I	11.10.2011	NVE	Innspel til varsel om oppstart av arbeid med områdereguleringsplan på Sandnes
8	I	28.10.2011	Norconsult AS	Underskriven kontrakt
9	I	07.11.2011	Kystverket	Uttale til varsel om oppstart av planarbeid - Sandnes
10	I	14.11.2011	Hordaland Fylkeskommune	Sandnes-Oppstart av områdereguleringsplan-Masfjorden kommune-Innspel om kulturminne
11	U	17.11.2011	Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Gjeld områdeplan Sandnes - ber om oversikt over kostnader og tidsplan for kravd arbeid
12	I	01.12.2011	Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Vedr Sandnes - oppstart av områdereguleringsplan
13	I	16.12.2011	Norconsult AS	Framlegg til endringsavtale - områdereguleringsplan Sandnes
16	I	19.01.2012	Statens vegvesen v/Sigmund Bødal	Reguleringsplan sandnes
17	I	24.01.2012	Norconsult v/Mona Hermansen	Områdereguleringsplan Sandnes - møtereferat frå møte nr 1 den 6. jan. 2012
18	U	09.03.2012	Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Vedr Sandnes - oppstart av områdereguleringsplan - godkjenning av budsjett
19	I	27.04.2012	Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Vedr.Sandnes-oppstart av områdereguleringsplan-resultat frå marinarkeologisk registrering
28	I	27.06.2012	Statens vegvesen v/Sindre	Vegskisse over vegar - Sandnes

25	I	07.09.2012	Lillebø Arne Solheim/Steinar Solberg	Kostnadsberegning trafikksikringstiltak på fv570 v/Sandnes skule
20	I	10.10.2012	Norconsult	Endringsavtale til underskrift
22	N	15.10.2012	Norconsult AS v/Mona Hermansen	Områdereguleringsplan - Sandnes - notat
24	U	24.10.2012	Norconsult	Retur av underskriven endringsavtale for områdeplan Sandnes dagsett 29.10.12
23	I	29.10.2012	Norconsult AS	Underskriven endringsavtale områdeplan Sandnes , dagsett 24.10.2012
27	I	29.11.2012	Norconsult v/Mona Hermannsen	Planmaterieill til sak Områdereguleringsplan Sandnes
29	I	06.12.2012	Statens vegvesen v/Arne Solheim	Kostnadsoverslag Fv 570 ved Sandnes i Masfjorden
32	I	09.01.2013	Norconsult AS	Oppdragsbekreftelse nr 8402 på kunnngjering og varsling om utlegging av planen til off. ettersyn
30	I	10.01.2013	Norconsult AS	Områdeplan Sandnes - offentlig høyring
31	I	10.01.2013	Masfjorden kommune	Annonse for offentlig høyring
33	I	16.01.2013	Fiskeridirektoratet	Masfjorden kommune Hordaland - Områdereguleringsplan for Sandnes - uttale
34	I	20.01.2013	Øystein Hagesæther	Merknad til områdereguleringsplan Sandnes
35	I	23.01.2013	ABO Plan&Artitektur AS	Reg.plan Sandnes, Masfjorden kommune - merknad fra Opplysningsvesenets fond (OVF)
36	I	05.02.2013	Fjon Båtlag v/Svein Egil Waage	Kommentarer til reguleringsplan for Sandnes
49	I	11.02.2013	Statens vegvesen	Svar på offentlig ettersyn - Reguleringsplan Sandnes Fv 570
37	I	12.02.2013	Advokatfirma Harris	Offentlig ettersyn - områderegulering Sandnes - bemerkninger til planforslag (Vår ref: SEN-022402)
38	I	13.02.2013	Advokatfirmaet Harris DA	Offentlig ettersyn - områderegulering Sandnes - bemerkninger til planforslag (Vår ref: SEN-022402)
44	I	18.02.2013	Erlend Spurkeland	Merknad/innspeil til områdereguleringsplan for Sandnes
40	I	18.02.2013	Sandnes Vel v/Kristine Kårdal	Uttale til områderegulering for Sandnes
41	I	20.02.2013	Sigrun Kvamsdal Adrover	Områdsregulering
39	I	20.02.2013	Terje Rasdal/Berit Lygre	Uttale til områderguleringsplan for Sandnes
42	I	21.02.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale - Offentlig ettersyn - Masfjorden - Sandnes - Reguleringsplan
43	U	21.02.2013	Kystverket	UTTALE - Varsel om offentlig

				ettersyn - Sandnes i Masfjorden kommune
45	I	21.02.2013	Frode Vee-Haugen	Merknader til områdereguleringsplan for Sandnes
48	I	21.02.2013	Hordaland fylkeskommune	Fråsegn - forslag til reguleringsplan for Sandnes
46	I	25.02.2013	NVE	Motsegn til områdereguleringsplan Sandnes
47	I	25.02.2013	NVE	Motsegn til områdereguleringsplan Sandnes
50	I	20.03.2013	Sigrun Kvamsdal Adrover	Merknad til områdeplan Sandnes
51	N	29.04.2013		Endringsavtale snøskredutgreiing Norconsult
55	U	27.06.2013	Fylkesmannen i Hordaland v/kommunal og samfunnspl	Gjeld motsegn knytt til områdeplan for Sandnes i Masfjorden
53	I	27.06.2013	Norges Geotekniske Institutt NGI	Ras-rapport til Masfjorden områdeplan Sandnes
54	U	27.06.2013	Norges vassdrag og energidirektorat v/Toralf Otnes	Sandnes områdeplan oppmoding om å trekkja motsegn
56	I	05.07.2013	NVE	Trekkjer motsegn til områdereguleringsplan for Sandnes
57	I	19.07.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Trekk motsegn - Masfjorden - Sandnes - Areal på begge sider av FV 570 - reguleringsplan
58	I	26.08.2013	Kjersti Soltvedt	Kart over Områdeplan Sandnes
59	I	26.08.2013	Sveinung Toft	Sandnes områdeplan - framlegg til reguleringsføresegner av 30.07.2013
60	I	30.08.2013	Fjon båtlag	Kommentar til reguleringsplan Sandnes
61	I	06.09.2013	Adv. Harris	Merknad til Reguleringsplan Sandnes - 2. gangsbehandling (Vår ref: SEN-022402)
62	U	24.09.2013	Jfr. adresseliste	Melding om politisk vedtak - 2. gongs handsaming - Områdeplan Sandnes - planområde mellom barnehagen og skulen
63	U	24.09.2013	sjå adresseliste	Kunngjering av godkjent områdeplan for Sandnes, planområdet mellom barnehagen og skulen
64	U	24.09.2013	Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune; Kystverket; NVE;	Kunngjering av godkjent områdeplan for Sandnes i Masfjorden, planområdet mellom barnehagen og skulen
67	I	18.10.2013	Statens vegvesen Erlend Spurkeland	Områdereguleringsplan for Sandnes - revidert plankart
65	I	18.10.2013	Erlend Spurkeland	Områdereguleringsplan for Sandnes -

66 I 19.10.2013 Linda Sandnes

revidert plankart  
Klage vedrørende områdeplan for  
Sandnes, Masfjorden kommune

## SAKSUTGREIING:

Reguleringsplanen var til offentlig ettersyn i perioden 08.01.2013 til 21.02.2013.

I høyringsperioden kom det inn følgjande merknader, som ligg ved saka i sin heilskap, og som nedunder er kort referert med vurderingane frå administrasjonen i kursivskrift under kvar merknad.

**1. Brev frå Fiskeridirektoratet, Region Vest** stempla motteke 17.01.2013, som skriv at dei ikkje kan sjå at planframlegget representerer noko konfliktpotensiale i høve arealbruk knytt til fiskeri eller eksisterande akvakulturverksemd

*Administrasjonen tek merknaden til orientering, og ser ikkje grunn til å endra planframlegget på grunn av dette.*

**2. Brev frå Øystein Hagesæther** stempla motteke 21.01.2013, som skriv at byggjegrensa langs fylkesvegen på 20 meter frå midten av vegen kan gjera det utfordrande og dyrt å byggja på fleire av tomtene, og nemner spesielt BK3 og BF16. Han meiner at kommunen bør prøva å få gjennom eit framlegg om 15 meter byggjegrense i staden, helst innanfor heile planområdet, men i alle fall for tomtene BK3 og BF16. Han viser til at det var 15 meter byggjegrense frå midten av fylkesvegen heilt fram til år 2010.

Han viser til at hovudgrunnen til byggjegrensa er å sikra areal til framtidige vegutvidingar, og kan ikkje sjå at det i uoverskueleg tid er behov for meir vegareal enn det som no ligg inne i planframlegget.

*Administrasjonen har vurdert framlegget, og meiner det er føremålsteneleg å oppretthalda den byggjegrensa som ligg inne i planframlegget. Ein viser til at byggegrensa er sett for å ha*



*naudsynt handlefridom langs fylkesvegen i framtida, men og for å skjerna nye bustader mot ulemper i høve vegtrafikk knytt til støy, støv m.v.*

**3. Brev frå ABO plan & Arkitektur stempla motteke 23.01.2013**, som skriv at dei er positive til planframlegget.

*Administrasjonen tek merkningen til orientering.*

**4. Brev frå Fjon Båtlag, stempla motteke 11.02.2013**, som skriv at båtlaget ønskjer å omdefinera det planlagde friluftsområdet i sjø og vassdrag, som ligg akkurat der elva går ut i sjø ved båtlaget sitt område. Dei skriv at dei ønskjer å utvikla ein båtslipp på denne staden, og at dei difor ønskjer at området får anna arealføremål som opnar for dette.

*Administrasjonen har vurdert merkningen og forstår ønskja til båtlaget. Ein vil likevel vise til at etablering av ein ny båtslipp vil medføra meir biltransport ned vegen til båtområdet med bilar og båttilhengarar. I tillegg vil ein båtslipp medføra at meir terreng nede ved nausta må planerast ut på grunn av behov for meir snuplass, og det vil kunna gje uheldige inngrep i denne strandsona. Plangrensa må og sannsynlegvis utvidast sørover, for å få nok areal til snuplass. Ein vil og vise til at det er båtslipp annan stad på Sandnes, som dekkjer behovet i området stor grad. Administrasjonen rår difor ikkje til at ein endrar arealbruken på denne staden.*

**5. Brev frå advokatfirmaet Harris stempla motteke 12.01.2013**, som på vegne av eigarane av gnr. 30 bnr. 15 skriv at dei legg til grunn at plikta til å opparbeida tilkomstvegen til bustaden på BF7 gjeld heilt fram til eigedomsgrensa, og at denne eigedomen må få vederlagsfri bruksrett til vegen. Vidare ber dei om at bestemmelsane vert endra, slik at det vert stilt krav om at det skal opparbeidast ny avkøyring og parkeringsplass til bustaden på BF7.

Vidare meiner dei at turvegen forbi BF7 (fAB1) skal definerast som skuleveg, og at breidda på denne bør vurderast å endrast frå 3 meter til 2 meter. Dei ber om at føresegnene vert endra, slik at plikt til å tilbakeføra terrenget når vegen vert fjerna kjem inn som eige punkt.

Til slutt ber ein om at seinare utarbeiding av rasrapport også vil omfatta denne eigedomen, og at ein vert halden orientert om vidare planprosess.

*Administrasjonen har vurdert merkningen og forstår at det kan virka føremålsteneleg å redusera den fysiske gangvegen frå 3 til 2 meter breidde, både for å redusera kostnader og*

*for å redusere inngrepa på eigedomane som ligg langs denne vegen. På den andre sida kan det vera fornuftig reint reguleringsmessig å sikra naudsynt armslag på inntil 3 meter i planen, slik at naudsynte tilpassingar lettare kan gjennomførast utan vanskar av privatrettsleg art når prosjekteringa og anleggsarbeidet startar opp. Ut frå ei totalvurdering meiner administrasjonen at plankartet og føresegnene ikkje bør endrast på det som gjeld AS1 og AB. Det vert og vist til driftsmessige fordelar knytt til vegvedlikehald og snøbrøyting ved å sikra ein breidde på inntil 3 meter, samt naudsynt areal til skulder/grøft.*

*Når det gjeld ønske om å endra planføresegnene knytt til tilbakeføring av gangvegen til opphavleg terreng, er dette eit krav som kan koma inn i ein privat avtale mellom utbyggjar og eigarane av gnr. 30 bnr. 15 m.fl., og som ikkje treng takast inn i sjølve føresegnene.*

*Kravet om å endra føresegnene, slik at ny avkøyring og ny vegtilkomst vert sikra opparbeida, meiner administrasjonen også bør handterast privatrettsleg i framtidige forhandlingar mellom eigarane og Statens Vegvesen i samband med seinare fylkesvegutbetring. Då kan også andre tilhøve knytt til grunnavståing i området verta drøfta, og verta gjenstand for forhandlingar mellom partane. Administrasjonen rår difor til at reguleringsplanen ikkje verta endra på grunn av denne merknaden.*

**6. Brev frå Kystverket Vest stempla motteke 21.02.2013**, som ber om at ei opplysning om søknadsplikta før tiltak i sjø vert teke inn i føresegnene til planen.

*Administrasjonane meiner dette er eit rimeleg krav, og rår til at føresegnene vert endra slik Kystverket ønskjer.*

**7. Brev frå Sigrun Kvamsdal Alver stempla motteke 21.02.2013**, som skriv at hennar tomt gnr. 31 bnr. 13 vil falla bort, og at ho ikkje kan godta dette. Ho meiner at det er nok plass sør for Gamleheimen til å laga store køyrebaner til eksisterande og nye hus i dette området. Vidare skriv ho at dei har gjeve store område til vegareal tidlegare utan vederlag, og at det difor er rett at ein denne gangen finn andre løysingar.

*Administrasjonane har drøfta merknaden, og meiner at det er vanskeleg å imøtekoma denne utan at det må gjerast store endringar med planen i dette området. Krav frå Statens Vegvesen om betre avkøyringar frå fylkesvegen med gode svingradiusar og betre stigningstilhøve, gjer det vanskeleg å finna gode alternative løysingar, om ein ønskjer meir utvikling i nærområdet.. Mesteparten av tomte ville, om den vart omregulert til byggjeområde, også koma innanfor byggjegrensa på 20 meter langs fylkesvegen, og vil difor vera vanskeleg å byggja ut av den grunn. Fordelane av å etablera ein felles ny tilkomstveg med felles parkeringsplass PPI til bruk for skulen og for byggjeområde BB, er etter administrasjonen si vurdering større enn dei ulempene reguleringsplanen påfører eigedomen. Det vert vist til at eigedomen ligg i eit eksisterande vegkryssområde med dårleg siktilhøva, og i utgangspunktet er mindre eigna til bustadføremål.*

*Administrasjonen rår difor til at merknaden frå Sigrun Kvamsdal Alver ikkje vert teken til følge.*

**8. Brev frå Frode Vee-Haugen stempla motteke 21.02.2013**, som mellom anna skriv at det uroar han at planområdet ikkje omfattar området mellom barnehagen og ferjekaien, då dette er det mest uoversiktlege og smalaste partiet på fylkesvegen etter hans vurdering. Spesielt farleg meiner han strekninga mellom kommunehuset og krysset opp til bustadfeltet på oppsida av fylkesvegen er. Han meiner at det er viktig at krysset ved f-PP1 får ei betre og tryggare planløsning, men at nytt fortau gjennom heile planområdet kan medføre høgare fart inn mot den farlege vegstrekninga ved kommunehuset.

Han kjem i merknaden med følgjande framlegg:

1. Skilta gangfelt ut frå parkeringsplassen
2. At ein ser på heile området frå skulen til ferjekaien med omsyn på trafikktryggleik.
3. At kommunen søkjer om å få omklassifisert heile vegstrekninga fram til Andåskrysset som forkjørsvog.

Til slutt tek han opp problem knytt til bruk av skuleområdet til bilparkering på kveldstid eller utanom skuletida, noko som han meiner medfører ulemper for sin eigedom. Han meiner at dette området burde vore fritt for biltrafikk og foreslår følgjande:

4. Dersom det skal prosjekterast ny stor f-PP1 må også parkeringsåtferda til og frå skulen på kveldstid regulerast slik at trafikken vert styrt til dette parkeringsområdet.
5. Trafikk inn til skuleområdet bør berre tillatast for varetransport på kveldstid/fritid, og den planlagde parkeringsplassen f-PP1 vert brukt til alle andre bilar.

*Administrasjonen har drøfta merknaden, og har forståing for synspunktet som gjeld ønsket om større planområde, slik at trafikktryggleiken også kunne ivaretakast planmessig for heile vegstrekninga fram til ferjekaien. Å sjå nærmare på trafikkmessige tilhøve, for å forbetra trafikktryggleiken i heile området, er noko administrasjonen likevel meiner kommunen kan gjera uavhengig av planavgrensing i denne planen eller andre tilhøve gjeve i planframlegget. Problemstillingane til Vee-Haugen knytt til trafikktryggleiken i området bør og vera eit viktig tema når arbeidet med reguleringsplan for Masfjordsambandet startar opp, og i samband med trafikktryggleiksplanen som er starta opp. Den andre merknaden knytt til bruken av skuleområdet til bilparkering på kveldstid og i samband med arrangement på fridagar, er noko som først bør drøftast tungt når den nye parkeringsplassen f-PP1 er bygd ferdig, eller er eit tema som kan drøftast uavhengig av sjølve reguleringsplanarbeidet. Ut frå desse vurderingane gjeve ovanfor, ser ikkje administrasjonen grunn til å gjera endringar i planframlegget på grunn av denne merknaden.*

**9. Brev frå Sandnes Vel stempla motteke 21.02.2013**, som mellom anna skriv at reguleringsplanen har mange positive sider knytt til nye bustadtomter, nytt fortau og at kolerakyrkjegarden skal verta parkområde. Velforeininga reknar det som sjølvsagt at fartsgrensa på 40 km/t vil verta oppretthalde ved skulen. Dei ber om at det i reguleringsplanen vert vist ein sikker gangveg ned frå parkeringsområdet f-PP1 til skulen. I tillegg kjem dei med merknad knytt til estetikk knytt spesielt opp mot eigedomar på austsida av fylkesvegen i BF21 og BF13, og at desse eigedomane må få natursteinsmur i framtida og sikrast med gjerde ned mot fylkesvegen. Vidare vert det ytra ønske om at store grantre i BF6 vert fjerna, og at overflatevatn også vert drenert bort frå eksisterande tomter. Dei peikar på at parkeringsplassane ved dei nye rekkehusa i BK2 og ved barnehagen er for liten, og at spesielt den ved barnehagen bør utvidast.

*Administrasjonen har drøfta merknaden frå Sandnes Vel og meiner at det er to tilhøve som bør vurderast nærmare med tanke på å endra plankartet. Det eine er merknaden knytt til behov for gangveg ned frå parkeringsplassen f-PP1 og ned til skuleområdet, det andre er behovet for meir parkeringsplass ved barnehagen. Dei andre merknadene knytt til BF21 og BF13 meiner administrasjonen kan drøftast nærmare i samband med forhandlingar med Statens Vegvesen knytt til grunnavståing for utbetring av fylkesvegen. Spørsmål knytt til problem med overvatn er noko som private eigarar må sjå nærmare på i fellesskap, og eventuelt gå i drøftingar med kommunen om.*

*Administrasjonen meiner det er ei kurant sak å regulera inn ein 2 meter brei gangveg ned frå f-PP1 som går forbi f-Leik 1 og ned til fylkesvegen og rår til at dette verte teke inn i revidert plankart. Vidare rår administrasjonen at parkeringsplassen ved barnehagen vert utvida sørover ca 7 meter inn på BK1, noko som kan medføra to fleire biloppstillingsplassar her.*

**10. Brev frå Fylkesmannen i Hordaland stempla motteke 21.02.2013**, som skriv at dei er positive til at det skal leggjast til rette for ei fortetting på Sandnes. Fylkesmannen meiner at dei to naustområda UN3 og UN4 er planlagt på eit strandareal som er lite påverke av inngrep. Avdelinga fremjar difor motsegn på desse to naustområda og viser til at strandsonevernet er skjerpa. Vidare viser avdelinga til at deler av bustadområde BF9 ligg innafor den funksjonelle strandsona gjeve i kommuneplanen, og krev at byggjeområdet her vert trekt vekk frå sjøen i tråd med byggjegrensa.

*Masfjorden kommune har på bakgrunn av motsegna frå Fylkesmannen vore i møte med avdelinga, og det vart i møtet (3.juni) avklart at motsegna vil verta trekt om UN4 går ut og vert vist som LNF føremål, og om ein utvidar LNF området 5 meter lenger vekk frå sjøen på den aktuelle tomte på BF9, og set ei byggjegrense på 4 meter innanfor.*

**11. Brev frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) stempla motteke 26.02.2013,** som skriv at dei fremjar motsegn til planen, fordi skredfaren i planområdet ikkje er tilstrekkeleg dokumentert, og fordi planen i seg sjølv heller ikkje sikrar at utbygginga kan skje med tilstrekkeleg tryggleik. Det vert spesielt vist til snøskredfare ikkje er vurdert, og NVE ber om at denne vert vurdert av sakkunnige, og i naudsynt grad innarbeid i planen før slutthandsaming. NVE viser til at faresona for steinsprang på plankartet syner grensa for skredfare med sannsyn 1/1000, og krev at når det vert opna for konsentrert bustadbygging må også faresonegrensa med sannsyn 1/5000 også kartfestast ( då dette er byggverk i høgare tryggleiksklasse 3). Med tilvisning til rapporten til Norconsult skriv NVE at ingen kan utelukka utfall av større steinskred (> 100 m<sup>3</sup>) i område A og nordre del av område B, dvs over BF12. NVE rår difor til at byggjeområde i BF12 vert teke ut av reguleringsplanen. For område A (nordlege del av BF12) tilrå NVE at det vert bygd fangvoll på oppsida av fylkesvegen, og at dette kjem med i føresegnene til planen.

*Administrasjonen tek motsegna til NVE til etterretning, og har på bakgrunn av dette fått utarbeid rapport om snøskred i området. Innhaldet i rapporten er vurdert, og har medført endringar i plankartet og i føresegnene, slik at merknaden til NVE knytt til dette punktet er teke til følgje. Det betyr at ålankartet er endra, slik at byggjeområde BF12 går ut, og området her vert lagt ut til LNF-føremål. Dei områda som er innanfor fareområde for skred med sannsyn høgare enn 1/5000 vert endra frå konsentrert utbygging til spreidd bustadbygging for eine- og tomannsbustader. Dette gjeld område BK2 og BK3. I tillegg er føresegnene endra slik at det kan byggjast fangvollar og skredvollar i LNF områda innanfor planen. Før kommunestyret kan godkjenna reguleringsplanen må NVE ha trekt motsegna skrifteleg.*

**12. Brev frå Erlend Spurkeland, stempla motteke 21.02.2013,** som skriv om bustadeigedomen gnr. 30 bnr. 66, og ønskjer at strand og sjøareal som er lagt ut til LNF-område på land og friluftsområde i sjø, vert lagt ut til småbåtanlegg i sjø og naustområde til eit naust på land. I brevet viser han til tidlegare brev om dette til kommunen.

*Administrasjonen har vurdert ønsket, og vil visa til at planlagt naustareal ligg heilt inntil regulert naustområde i sør, og at dette området alt er sprengt ut til naustføremål. Området ligg i eit strandområde, som difor framstår som delvis privatisert, og som heller ikkje har særleg verdi for friluftslivet. Administrasjonen kan ikkje sjå at strandkvalitetar knytt til miljø, kulturminne eller andre ålmenne interesser vil verta råka om det vert lagt ut eit naustområde på land på 7 x 8 meter, og eit areal til flytebryggje på 7 x 10 meter i sjø. Administrasjonen rår til at dette vert teke inn i reguleringsplanen, og at kart og føresegner difor vert endra.*

**13. Brev frå Terje Rasdal og Berit Lygre stempla motteke 21.02.2013,** som skriv at planen legg opp til ei utviding av fylkesveg 570 mot deira bustadeigedom gnr. 50 bnr. 30 festenummer 17/17 (merka BF1). Dei meiner at denne utvidinga vil forringa verdien av buområdet deira, om arbeidet ikkje vert planlagt og utført på ein måte, som sikrar at eigedomen får same verdi som før. Dei krev difor at det vert bygd mur i naturstein med gjerde langs fylkesvegen i deira område, og at det vert fylt jord ovanfor muren, slik at dei kan få eitt mindre bratt hageområde mot vegen. Dei meiner at området vil verta tryggare om dette vert gjort, og ber om at Masfjorden kommune tek omsyn til deira krav.

*Administrasjonen har drøfta merknaden, og har stor forståing for ønsket frå eigarane. Ut frå tidlegare røynsle med slike ønskjer, som ofte kjem i samband med utbetring av offentlege*

*vegar i tettbygde strøk,, meiner administrasjonen at dette er krav som må kunna drøftast og forhandlast nærmare om i samband med ein seinare utbyggingsfasen.*

*Då vil veganlegget verta detaljprosjekttert, og det må forhandlast mellom Statens Vegvesen/ Hordaland fylkeskommune og dei einskilde grunneigarane før areal kan overdragast til fylkeskommunen. I slike forhandlingar er avbøtande tiltak for bustadeigedomar som vert råka, eit naturleg og viktig tema å drøfta. Administrasjonen meiner difor at merknaden kan takast til orientering.*

**14. Brev frå Hordaland fylkeskommune stempla motteke 28.02.2013**, som skriv at den planlagde fortettinga er i tråd med regionale retningsliner, og at det er positivt å forbetra trafikktryggleiken langs FV 570, slik planen legg opp til. Fylkeskommunen meiner at området mellom Sandnes skule og sentrum er ein viktig akse, og at det difor er viktig å utvikla området for mjuke trafikkantar. Vidare kjem fylkeskommunen med synspunkt om miljøgate, om klima og energi, og om utvikling av strandsone, landskapsomsyn m.m. I høve kulturminne og kulturmiljø skriv ein i brevet at ein ikkje har kjennskap til automatisk freda kulturminne i planområdet. Dei ber til slutt om om at det vert teke med eit atterhald om eventuelle kulturminne i sjø og undersøkingsplikt i føresegna.

*Administrasjonen rår til at føresegna får eit tillegg om undersøkingsplikt knytt til eventuelle kulturminne i sjø, og meiner elles at merknaden kan takast til orientering.*

**15. Brev frå Statens Vegvesen stempla motteke 27.02.2013**, som skriv at det viktige grepet er fortau med 2,5 meter breidde gjennom planområdet, og at det er stilt rekkjefølgjekrav til dette fortauet. Vidare peiker Statens Vegvesen på ein del detaljar knytt til plankartet som gjeld kryss, avkøyringar og siktsoner. Det vert og peika på tverrsambandet, TV1a, som dei meiner bør gå ut av planen, samt at kryssingspunkt ved skulen bør markerast på plankartet.

Anna veggrunn meiner dei bør visast i heile planområdet på begge sider av fylkesvegen, med ei grense på 4,5 meter frå kant. Når det gjeld byggjegransene seier Statens Vegvesen seg samd med 30 meters breidda som er vist, og ber om at dette kjem inn alle stadar.

*Administrasjonen rår til at krava knytt til endring av plankartet når det gjeld kryss og avkøyringar kjem med i reguleringsplanen. Når det gjeld kravet om å leggja ut eit belte på 4,5 meter med anna vegareal på begge sider av fylkesvegen , rår ein til at dette og vert gjort der det er mogeleg.*

*Administrasjonen rår og til at kryssingspunktet ved skulen vert vist på kartet. Kravet om å leggja ei 30 meters breidde med byggjeforbod langs fylkesvegen, meiner administrasjonen ikkje kan imøtekomast, og viser til at planframlegget har følgd kanten av taket på bustader som ligg nærmare fylkesvegen enn 30 meter.*

## VIDARE SAKSGANG:

Administrasjonen sendte over revidert plankart og revidert føresegn i brev av 27.06.13

til Fylkesmannen i Hordaland og NVE. I følgebrevet vart desse to instansane oppmoda om å trekkja sine motsegner, jf. endringane som no låg føre.

Fylkesmannen i Hordaland har i brev av 19.07.13 formelt trekt motsegna dei hadde til områdeplanen, og har vist til at naustområdet UN4 no er teke ut, og at byggjeområde for bustad er flytta lenger vekk frå sjøen.

NVE har i brev av 08.07.11 formelt trekt motsegna dei hadde til reguleringsplanen. Dei viser til tilleggsutgreiningane som er gjort, og at skredfare difor er tilstrekkeleg utgreidd. Vidare viser dei til at planendringane, som no er gjort i føresegnene og i plankartet, sikrar at vidare bygging kan skje med tilstrekkeleg tryggleik mot skred. Til slutt kjem dei med tilleggsmerknader knytt til ei omsynssone med flomfare, og noko knytt til teiknforklaringa på karet og ber om at føresegnene og kartet vert tilpassa deira merknad.

## KONKLUSJON:

Administrasjonen har med bakgrunn i merknaden frå NVE redigert føresegnene den 30.07.13, slik at det no er kome inn eit eige punkt som gjeld omsynssone for flom. Kartet er den 20.08.13 redigert i høve merknader frå NVE.

Administrasjonen viser til at områdeplanen for Sandnes med dei endringane som no ligg føre, gjer at planen kan eigengodkjennast i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12. Det vert vist til revidert plankart av 20.08.2013 og føresegner av 30.07.2013.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	09.09.2013	005/13	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	19.09.2013	042/13	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-034

Arkivsaknr.: 12/778

### **SAK 042/13 - BREIBAND I HORDALAND, FASE 3 - INNSPEL FRÅ KOMMUNAR OG REGIONRÅD**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Masfjorden kommune løyver inntil brutto kr 1.700.000,- til utbygging av breiband/mobilsamband i kommunen, fordelt over 3 år, primært i samarbeid med Telenor.
2. Løyvinga føreset ekstern finansiering av prosjekta med 2/3 av totalkostnaden.

#### **Finansiering**

Kraftfondet/Budsjett 2013-15

#### **Heimel**

Retningsliner kraftfondet

**KRFT-005/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**



1. Masfjorden kommune løyver inntil brutto kr 1.700.000,- til utbygging av breiband/mobilsamband i kommunen, fordelt over 3 år, primært i samarbeid med Telenor.
2. Løyvinga føreset ekstern finansiering av prosjekta med 2/3 av totalkostnaden.

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 09.09.2013:**

Saka vart drøfta, og innstilling samrøystes tilrådd over Kommunestyre jf. framlegg til vedtak

**KS-042/13 VEDTAK:**

1. Masfjorden kommune løyver inntil brutto kr 1.700.000,- til utbygging av breiband/mobilsamband i kommunen, fordelt over 3 år, primært i samarbeid med Telenor.
2. Løyvinga føreset ekstern finansiering av prosjekta med 2/3 av totalkostnaden.

**Det skjedde i Kommunestyret den 19.09.2013:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

**Røysting:**

**Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteken.**

## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.11.2012	regionalavd Hordaland fylkeskommune	Breiband i Hordaland, fase 3
2	I	10.05.2013	Hordaland fylkeskommune	Breiband i Hordaland - fase 3 - invitasjon til å søkje om midlar

## BAKGRUNN

Hordaland fylkeskommune har 12 mill.kr. til tildeling som støtte til utbyggingsprosjekt i område med dårleg breiband- og mobildekning i 2013, som vert 3. tildeling i regi av fylkeskommunen. Masfjorden kommune har framleis mange udekka område for breiband- og mobil, og sendt ny søknad på eit utbyggingsbehov kalkulert til i alt 5,1 mill.kr., og kor ein kan få 2/3 av kostnaden finansiert fylke/stat, og resten eigenkapital. Søknaden føreset at kommunen går inn med 1/3 av finansieringsbehovet sjølv.

## FAKTA

I Masfjorden kommune er det mange områder med manglande eller dårleg breiband-/mobildekning, - såkalla "kvite flekkar". Dekningskartet og offentleg oversyn viser at Masfjorden kommune er den av kommunane i Hordaland med dårlegast dekningsgrad.

Masfjorden kommune har i mange år hatt kontakt med Telenor-systemet om desse utfordringane, og det vart for nokre år sidan vurdert å ha ein investeringskostnad på 11-15 millionar å sikra full breiband og mobildekning i kommunen. Hittil er berre eit av mange prosjekt realisert i samarbeid med Telenor.

Vi gjennomførde ein anbudsrunde på tildelte midlar under fase 2 saman med 2 andre kommunar i fylket. Det var ingen som melde interesse, og vi har halde fram med direkte dialog med telenor.

Tildeling under fase 2, kor vi fekk støtte til 2 prosjekt (tildelt tilskot Hordaland fylkeskommune/stat med 1.017.000) – er det eine fullført, men ein del dyrare enn

kalkulert/budsjettert. Siste prosjekt Haugsdal vert av Telenor (har intensjonsavtale med dei) omtalt som eit svært utbyggingsprosjekt, og det er behov for 2 basestasjonar.

Utbyggingskostnader vurdert under søknad fase 2 til 600.000,-. Justert utbyggingskostnader er 3.000.000,- (som og vert vurdert som usikkert/lågt). Kostnadskalkyle for prosjekt under fase 2 er såleis 2,7 mill.kr. høgare enn søknaden i 2011, og vi ønskjer at desse meirkostnadene vert tekne med i fase 3 under tildelingar, eller at vi får tildelt av unyttar midlar fase 2.

Så til ny prosjekt under fase 3.

1. Utbygging til å dekke breiband Indre Hope, kostnadskalkyle kr. 200.000,
2. utbygging breiband Fossen/stordalen, bruttobudsjett for prosjektet 200.000,
3. Mjanger, ventar på intensjonsavtaleutkast frå telenor (kalkyle 1,4 mill.kr., 1 basestasjon –straumframføring – engangskostnad – adm.kostnader)
4. ytre Haugsdal
5. Duesund

Hordaland fylkeskommune forvaltar til saman tolv millionar som er øyremerkt til utbygging av infrastruktur for breiband i område av fylket der det ikkje er kommersielt interessant å bygge ut.

Midlane kjem frå Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) som stiller som krav at tilskotet skal nyttast til å tryggje at husstandar, næringsliv og offentleg sektor blir dekte i utbyggingsområda. Prosjekt som søker tilskot frå ordninga må følgja regelverket for offentlege innkjøp og unngå konkurransevriding. Tilskotet må tryggje at det blir høve til konkurranse på tenester og innhald.

### **Hordaland fylkeskommune sine retningslinjer for breibandsutbygging:**

I tillegg til føringane frå KRD, har Hordland fylkeskommune lagt til grunn fylgjande mål, prinsipp og prosess knytt til utbygging av breiband:

- Utbygging av breiband til område som ikkje har tilbod om breiband skal prioriterast. Når alle har fått tilbod om breiband skal midlane prioriterast til å auka kapasiteten på nettet i områder som elles ikkje vil bli utbygd av kommersielle aktørar.
- Fiberprosjekt vert den prioriterte satsinga.
- Breibandmidlane skal i hovudsak nyttast innanfor det distriktpolitiske virkeområde, og tilskotet skal sikre at både husstandar, offentleg verksemd og næringsliv i det aktuelle utbyggingsområdet får breibanddekning.
- Det er ein føresetnad at kommunane og/eller andre aktørar er med og finansierer aktuelle prosjekt og tiltak. Dette skal dokumenterast i form av intensjonsavtaler eller politiske vedtak i kommunen. Kommunen skal stå som ansvarleg søkjar for utbyggingsprosjektet, men utbygginga kan gjerne skje i samarbeid med andre privateigde eller offentlege selskap.
- Det er også mogleg for andre aktørar å søkja på vegne av fleire samarbeidande kommunar. I slike tilfelle er det ein føresetnad med bindande avtaler mellom kommunane og utbyggjar.
- På fiberprosjekt i område som ikkje har breiband frå før, kan fylkeskommunen dekkja inntil to tredjedelar av kostnadene. Når det gjeld andre fiberprosjekt kan fylkeskommunen dekkja inntil halvparten av kostnadene.
- Nett som vert etablert må vera opne, dvs. tillate konkurranse på tenester og innhald.
- Midlane skal nyttast til utbygging av ny infrastruktur, og ikkje til drift.

**Søknadsfrist:** 27. august 2013

## VURDERING

Utbygging av infrastruktur i form av breiband og mobiltelefondekning er svært viktig for bustadutviklinga i Masfjorden kommune. Vi har gjennom dei siste åra hatt fleire tilfelle der planlagt og ønskt tilflytting har vore heilt avhengig av at desse elementa er på plass. Når det gjeld dei aktuelle områda, har også Masfjorden kommune eigeninteresse i å få mobildekninga på plass. Både for beredskap, heimetenestene og brøyteoperatørane er manglande mobildekning i dag ei utfordring. Vi har i mange år sett ein tydeleg tendens til at utbygginga av breiband/mobilnettet stoggar opp i grisgrente strok.

Masfjorden er topografisk sett ein svært utfordrande kommune for både breiband- og mobiltelefondekning. I dei siste 5-6 åra har breibandutbygging vore prioritert når det gjeld tilskot frå sentralt og regionalt hald (Høykom, departement og fylkeskommune).

Slik situasjonen er i dag, er vi avhengig primært av ein utbyggjar, og anbodskonkurranse stadfesta dette. Framdrifta av prosjekta vert difor hemma av at det er få aktuelle aktørar, og prisen deretter. Av tildelingar Hordaland fylkeskommune hadde under fase 2, er det svært få prosjekt som er realisert, og Masfjorden er ein av dei få kommunane som har fått gjennomført prosjekt/tiltak.

Ein søker om fleire prosjekt denne gongen, men er avhengig å få utbyggjar og utbyggingsavtalar på plass, og tildeling under fase 3 føreset at kommunen går inn med eigenfinansiering med 1/3 av utbyggingskostnaden. Masfjorden kommune må løyve inntil 1,7 mill.kr. på omsøkte midlar i 2013, fordelt over nokre år. Hordaland fylkeskommune melder om stor interesse for midlane, og søknader utover ramme.

I tråd med retningslinene for kraftfondet, er det naturleg at eigenfinansieringsdelen vert dekkja gjennom bruk av kraftfondet 2013-15.

Kraftfondet kan og nyttast til utbygging av kommunale fellestiltak som kommunikasjonar, barnehagar, skular, helse- og sosialinstitusjonar, samfunnshus og idrettsanlegg. Til desse formåla kan fondet nyttast til støtte investeringar, ikkje drift.

## KONKLUSJON

Masfjorden kommune bør satse på å få gjennomført omsøkte prosjekt som føreset egenfinansieringsdel med 1/3 av tiltak, og rådmannen rår difor til at det vert gjort slikt vedtak om kommunal medfinansiering i prosjekta:

1. Masfjorden kommune løyver inntil brutto kr 1.700.000,- til utbygging av breiband/mobilsamband fordelt over 3 år, primært i samarbeid med Telenor.
2. Løyvinga føreset ekstern finansiering av prosjekta med 2/3 av totalkostnaden.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	09.09.2013	006/13	Aina Isdal Haugland
Kommunestyret	19.09.2013	043/13	Aina Isdal Haugland

Arkiv: N-105.1

Arkivsaknr.: 13/398

### SAK 043/13 - SØKNAD OM LÅN TIL UTBETRING AV HAUGSVÆRTUNET AS

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kraftfondet støttar Haugsværtunet AS med å gje lån på kr 200 000.
2. Kraftfondet betalar ut lånet etter skriftleg oppmoding frå søkjar.
3. Lånet vert gitt som serielån, der renta til ei kvar tid følgjer den lågaste renta til Husbanken. Nedbetalingstid vert sett til 10 år. Lånet skal sikrast med pant i eigedom.
4. Haugsværtunet AS må sende inn årsmelding til styret for kraftfondet årleg fram til lånet er nedbetalt.

#### Finansiering

Kr 200 000 frå Kraftfondet.



**Heimel**

Vedtekter Kraftfondet: §2.

**KRFT-006/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Kraftfondet støttar Haugsværtunet AS med å gje lån på kr 200 000.
2. Kraftfondet betalar ut lånet etter skriftleg oppmoding frå søkjar.
3. Lånet vert gitt som serielån, der renta til ei kvar tid følgjer den lågaste renta til Husbanken. Nedbetalingstid vert sett til 10 år. Lånet skal sikrast med pant i eigedom.
4. Haugsværtunet AS må sende inn årsmelding til styret for kraftfondet årleg fram til lånet er nedbetalt.

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 09.09.2013:**

Saka vart drøfta og det vart gjort samrøystes vedtak om å støtta innstillinga frå rådmannen før saka vart send vidare til kommunestyret.

**KS-043/13 VEDTAK:**

1. Kraftfondet støttar Haugsværtunet AS med å gje lån på kr 200 000.
2. Kraftfondet betalar ut lånet etter skriftleg oppmoding frå søkjar.
3. Lånet vert gitt som serielån, der renta til ei kvar tid følgjer den lågaste renta til Husbanken. Nedbetalingstid vert sett til 10 år. Lånet skal sikrast med pant i eigedom.
4. Haugsværtunet AS må sende inn årsmelding til styret for kraftfondet årleg fram til lånet er nedbetalt.

**Det skjedde i Kommunestyret den 19.09.2013:**

Bjørn Egil Nordland sa seg ugild i denne saka sidan han er søkjar.

Kommunestyret vedtok samrøystes at Nordland var ugild.

**Røysting:**

**Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteken.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	11.06.2013	Haugsværtunet AS v/Bjørn Egil Nordland	Søknad kraftfondet
3	U	21.10.2013	Haugsværtunet AS v/Bjørn Egil Nordland	Melding om politisk vedtak - søknad om lån til utbetring av Haugsværtundet AS

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Haugsværtunet AS er eit eigedomsselskap lokalisert på Haugsvær. Selskapet er organisert som eit aksjeselskap og aksjeeigarane er stort sett bygdefolk på Haugsvær. Selskapet vart i utgangspunktet oppretta for å sikre lokale til butikk på Haugsvær. Bygget husar i dag butikk, frisørsalong og husflidsutsal. I tillegg leigar ein ut toalettanlegg og rasteplass til Statens vegvesen og bobiltømming etter avtale med Masfjorden kommune.

Haugsværtunet har våren 2013 gjort ein del endringar i bygningen, m.a. nytt inngangsparti til butikk, husflidsutsal og frisør. Grunnlaget for arbeidet var å oppgradere frisørlokalet. Frisøren har no fått eit moderne lokale som er oppdatert etter dagens standard, og Haugsværtunet AS meiner denne oppgraderinga vore med på å sikre den arbeidsplassen som frisørsalongen er.

Haugsværtunet AS har i dag finansiert utbyggjinga ved hjelp av eit ordinært banklån, men legg vekt på at dei ved ei gunstigare rente hjå kraftfondet vil kunne ha eit større handlingsrom til vidare utvikling av bygget.

### HØYRING

### UTTALE

## FAKTA

Haugsværtunet AS har søkt om kr 200 000 i lån frå Kraftfondet for å finansiere utbygging av næringsbygg. Dei har tidlegare fått lån på kr 150 000 frå Kraftfondet.

## VURDERING

Strategisk næringsplan for Masfjorden kommune etterlyser næringsbygg. Kommunen er avhengig av eit samarbeid med og initiativ frå det private næringsliv. Haugsværtunet AS leverer dette gjennom satsinga på bygget, og er i tillegg ein viktig medspelar i måten dei arbeidar på lokalt.

## KONKLUSJON

1. Kraftfondet støttar Haugsværtunet AS med å gje lån på kr 200 000.
2. Kraftfondet betalar ut lånet etter skriftleg oppmoding frå søkjar.
3. Lånet vert gitt som serielån, der renta til ei kvar tid følgjer den lågaste renta til Husbanken. Nedbetalingstid vert sett til 10 år.
4. Haugsværtunet AS må sende inn årsmelding til styret for kraftfondet årleg fram til lånet er nedbetalt.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	19.09.2013	044/13	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 13/556
-----------	---------------------

### SAK 044/13 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	13/1987	I	16.04.2013	Cecilie Fredheim	Spørsmål vedr oppstart av ungdomsråd i Masfjorden

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

**KS-044/13 VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

**Det skjedde i Kommunestyret den 19.09.2013:**

**Marit Steinestø, KrF**, orienterte om at Regionrådet hadde besøk av Kultur- og ressursutvalet i fylkeskommunen den 17.- 18. september 2013. Det var der sett av tid til ein innspelskonferanse for Nordhordland i samband med arbeidet med ein Regional kulturplan 2013 – 2023. Kommunane var invitert til konferansen og til å koma med innspel til planen. Steinestø deltok på konferansen og kom med fleire gode innspel frå Masfjorden. Stordalen og fjellområdet Stølsheimen var tema i innspela, samt plassering av eit opplevingscenter på Matre.

**Vigdis Søvik, Sp**, Med bakgrunn i mangel på byggeklare tomter i Nordbygda, vil eg oppfordra kommunen v/teknisk etat å ta kontakt med grunneigar i Ytre Haugsdal ang. Regulerede tomter der, evt. tilby hjelp til å koma vidare.

Ordførar svara at kommunen vil ta kontakt med grunneigar og høyra om det er interessentar som vil byggja i feltet.

**Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.**



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	19.09.2013	045/13	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 13/560
--------------	---------------------

### SAK 045/13 - BUDSJETTREVISJON 2013

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1) Investeringsbudsjettet 2013 vert endra slik det går fram av budsjettskjema 2A/2B i saksutgreiinga.
  
- 2) Driftsbudsjettet vert endra slik det går fram av saksutgreiinga:
  - a) tiltak finansiert med fond (barnehage 20104, kalk 36000, brann og evt. samhandlingsreforma)
  - b) budsjettendringa i høve disponering av årsoverskot 2012
  - c) andre justeringa som følgjer

		meirinntekt	meirutgift
eigedomsskatt		870 000	
overføring frå drift til investering			70 000
hurtiglادestasjon			50 000
planar/konsulentar (teneste 30100)			300 000
legevakt			250 000
pleie- og omsorg			200 000



### **Finansiering**

Alle budsjettendringane har finansiering/inndekking

### **Heimel**

Kommunelova, økonomireglement

**KS-045/13 VEDTAK:****1) Investeringsbudsjettet 2013 vert endra slik:**

Rekneskapsskjema 2B		
	justert budsjett 2013	Opphavelg budsjett 2013
EDB - felles	1 000 000	1 000 000
Lokaler Nordbygda skule	400 000	
Lokaler Sandnes skule	1 300 000	
Lokaler Matre skule	1 000 000	
Sjukeheimen	500 000	
Omsorgsbustader Sandnes	120 000	
Sleire skulemuseum	130 000	
Kommunale vegar	1 250 000	1 250 000
Bustadfelt - tilrettelegging	438 000	438 000
Opprusting kommunale bygg	200 000	2 500 000
Vassforsyning	1 030 000	1 250 000
Brann - utstyr og bilar	2 500 000	2 500 000
Sandnes barnehage - vognskur	220 000	
<b>Sum investeringar</b>	<b>10 088 000</b>	<b>8 938 000</b>

**2) Driftsbudsjettet vert endra slik det går fram av saksutgreiinga:**

- a. tiltak finansiert med fond (barnehage 20104, kalk 36000, brann og evt. samhandlingsreforma)
- b. budsjettendringa i høve disponering av årsoverskot 2012
- c. andre justeringa som følgjer

	meirinntekt	meirutgift
eigedomsskatt	870 000	
overføring frå drift til investering		70 000
hurtigldestasjon		50 000
planar/konsulentar (teneste 30100)		300 000
legevakt		250 000
pleie- og omsorg		200 000

**Det skjedde i Kommunestyret den 19.09.2013:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Saka vart drøfta.

**Marit Steinestø, KrF**, sette fram slikt framlegg:

Endring vassforsyning Sandnes med inntil - 220000

Inntil kr 220.000 går til vognskur i Sandnes barnehage i 2013.

### **Røysting:**

KrF sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Det vart til slutt røysta over heile framlegget som vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

- 15.01.13: Kommunal- og regionaldepartementet, statsbudsjettet 2013 – det økonomiske opplegget for kommuner og fylkeskommuner etter Stortingets vedtak
- 10.05.13: Fylkesmannen i Hordaland – Revidert nasjonalbudsjett 2013 og kommuneopplegget 2014
- 24.05.13: Fylkesmannen i Hordaland – Masfjorden kommune – budsjett og økonomiplan
- 16.05.13: Masfjorden kommune – barnehagane: Søknad om midlar til vognskur

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Justere budsjett i samsvar med endringar i inntekts- og utgiftsgrunnlag i den grad ein har høve til det. Oppfølging av politiske vedtak sidan årsskifte, i form av auka løyvingar i enkeltsaker både med og utan finansiering som har skjedd hittil i året, og oppfølging av budsjettføresegnene i høve revidert budsjett i budsjettåret.

### HØYRING

Innspeil frå tenesteområda og andre

### UTTALE

Fylkesmannen sin uttale kring 2013 budsjettet av 24. mai 2013

### FAKTA & VURDERING

Driftsbudsjettet 2013 vart vedteke 11.12.2012 av Kommunestyret, og viser eit netto driftsresultat på 1,6 mill.kr., og eit negativt brutto driftsresultat på nær 1,8 mill.kr. budsjettbalansen er såleis svak, og langt unna (3,6 mill.kr.) målsetjinga om netto driftsresultat på 3%. Fylkesmannen har og påpeikt dette i sin uttale kring 2013 budsjettet;

På denne bakgrunn må netto driftsoverskot og driftsfinansiering av investeringar bli vurdert som lågt og for svakt i budsjettet. Netto driftsoverskot er vesentleg svakare enn det som blir tilrådd kommunane.

I samband med avslutning av 2012 rekneskapen prøvde ein å ta høgde for ubalansen i 2013 budsjettet, og forskyvde inntektsføring frå 2012 til 2013, som m.a. resulterte i merknader frå revisjonen i høve til manglande inntektsføring ressurskrevjande brukarar, arbeidsgjevaravgift premieavvik og avkastning fondsmidlar m.m., og netto omfang på 1,4 mill.kr.



## Driftsbudsjettet 2013

### Frie inntekter

Budsjettframlegget byggjer på statsbudsjettet for 2013 – oppdatert prognose frie inntekter etter folketal 1.1.2013 viser samsvar mellom budsjett og statsbudsjett, og ingen reserver eller budsjettendringsgrunnlag.

### Eigedomsskatt

Utskriven eigedomsskatt for 2013 utgjer kr. 24.368.895, medan det er budsjettert med 23,5 mill.kr, og såleis ein budsjettreserve knytt til eigedomsskatt.

## 1B

### Folkevalde organ

Ingen endringsframlegg i denne omgang.

### Administrasjon

Ingen endringsframlegg i denne omgang.

### Barnehage

Barn i andre kommunar sine barnehagar, aukar opp budsjett med 500.000 (felles barnehage), og finansiert med bunde driftsfond barnehage

Sandnes barnehage treng sårt eit vognskur, då det vert fleire barn i barnehagen frå hausten 2013. Fram til no har leikerom inne blitt brukt til å oppbevare vagnane, men desse romma må frå hausten av nyttast til aktivitet og leik med barna. Vi står då utan nokon løysing for barna som skal sove på dagtid.

Både Nordbygda og Indre Masfjorden barnehage har vagnskur, og det er ønskjeleg at Sandnes barnehage no prioriterast i forhold til dette.

Vagnskur må vere isolert, og TML har estimert byggjekostnaden til **kr.216.000** for 18m<sup>2</sup>.

Dersom det er nok midlar på fondet til barnehagane, ber vi Kommunestyret om at det bevilges midlar til å byggje vagnskur snarast mogeleg. (Skuret burde helst stått klart hausten 2013 når dei nye barna byrjar i barnehagen.)

Alternativt ber vi om at det leggjest inn midlar til denne investeringa i budsjettramma for 2014.

## Skule

Ingen endringsframlegg i denne omgang.

## Helse

Legevakt – har ikkje fått endelege tal enno, men legg inn ein pott med 250.000 i auke, som ein forventar skal dekke kostnaden.

ØH senger

**KS-006/13 VEDTAK: Masfjorden kommune sluttar seg til framlegget til avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt og øyeblikkelig hjelp (ØH) døgntilbod.**

Samhandlingsreforma – auke utover i 2013, slik at opphavleg budsjett kan ryke i 2013, men brukar då av fond avsett i 2012.

## Sosial- og barnevern

Ingen endringsframlegg i denne omgang.

## Pleie- og omsorg

Prognose pr. 2.tertial 2013 tilseier meirforbruk

Styrkar rammeområde med 200.000 samla sett.

## Kultur

Ingen endringsframlegg i denne omgang.

## Kyrkja

Fått ekstraløyving 2013 med 105.000 jf. KS 24/13

## Teknisk

Kalk, teneste 36000, auka utgifter med 150.000, og finansiert med fond – avsetjing 2012 rekneskapen

Brann, auka kostnader og avrekning samarbeid med Gulen 2012 – samla budsjettjustering med 250.000, finansiert med fondsavsetjing i 2012 rekneskapen med 250.000

Hurtigladestasjon Romarheim, FS sak 9.9.13 med inntil 50.000,-, finansiert med auka eigedomsskatteanslag 2013.

Planar, auka budsjettpost med 300.000 – bruk av konsulentar, finansiert med auka eigedomsskatteanslag 2013. Her ligg inne finansiering FS sak 9.9 og inne midlar til oppfølging av sak intensjonsavtale vassforsyning Masfjorden/Gulen, kor ein forventar at kostnadene vert om lag 150.000 (brutto ramme 1 mill.kr. fordelt 50/50%).

## Rammeområde Felles/andre tenestekområde

### Konsesjonskraft

Ligg inne med gevinst på 6 mill.kr. netto i 2013 budsjett, prognose pr. utgangen av 2.tertial tilseier 6,3 mill.kr.



Avskrivingar

Ikkje bokført enno

Fellesområde drift

### **Pensjon**

Prognose KLP og SPK vert lagt til grunn. Det er budsjettert med brutto pensjonskostnad og lagt inn forventa premieavvik 2013 i tråd med budsjett frå hhv. KLP og statens pensjonskasse. Eit område som det er stor usikkerheit kring i 2013 rekneskapen.

## Rente- og avkastning fond/aksjar

Lågare rente gir lågare rentekostnad, tilsvarende gir lågare rente mindreinntekt renteinntekter. Utbytte litt mindre enn budsjettet. Avkastning fond/aksjar ser bra ut pr. 2.tertial, men stor usikkerheit. Samla vurdert +/- 0 for rente – utbytte og avkastning fondsmidlar.

## Investeringsbudsjettet

### Tiltak bygg, førebels budsjettet under teneste 26505, vert endra til:

Pri.	Tiltak	Pris
1	Bosshus på sjukeheimen	50 000
2	Ventilasjonsanlegg Sandnes Skule	1 300 000
3	Nytt ventilasjonsanlegg Matre skule	1 000 000

+

### KS-022/13 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune løyver kr. 400 000,- til ekstraordinært vedlikehald av Nordbygda skule. Finansiering ved bruk av del av overskot rekneskapen 2012.
2. Masfjorden kommune løyver kr. 500 000,- til nødvendig oppdatering av ventilasjonsanlegget i Masfjorden sjukeheim. Finansiering skal skje ved bruk av fondsmidlar pleie- og omsorg – under disp.fond drift.

### Tak Sleire skulemuseum

Løyving KS 60/12 med kr. 130.000, finansiert med bruk av fond

### Omsorgsbustadar sør 26502

Maling, budsjettløyving med 120.000, finansiert med bruk av fond 50.000 (PLO/heimetenster sør) + overføring frå drift relatert til inntektsauke eigedomsskatt.

**BUDSJETTSKJEMA 2A - INVESTERINGSREKNESKAPEN**

	justert budsjett 2013	Opphavelg budsjett 2013
Investering i anleggsmiddel	10 088 000	8 938 000
Utlån og forskottingar	850 000	850 000
<b>Årets finansierungsbehov</b>	<b>10 938 000</b>	<b>9 788 000</b>
Finansiert slik:		
Bruk av lånemiddel	4 800 000	4 800 000
Inntekter frå sal av anleggsmiddel		
Tilskot til investeringar	1 600 000	1 600 000
Motteke avdrag på utlån og refusjonar		
Andre inntekter		
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>6 400 000</b>	<b>6 400 000</b>
Overført frå driftrekneskapen	1 858 000	1 788 000
Bruk av tidlegar års udisponert	400 000	
Bruk av avsetningar	2 280 000	1 600 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>4 538 000</b>	<b>9 788 000</b>
<b>Udekka/udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Rekneskapsskjema 2B</b>		
EDB - felles	1 000 000	1 000 000
Lokaler Nordbygda skule	400 000	
Lokaler Sandnes skule	1 300 000	
Lokaler Matre skule	1 000 000	
Sjukeheimen	500 000	
Omsorgsbustader Sandnes	120 000	
Sleire skulemuseum	130 000	
Kommunale vegar	1 250 000	1 250 000
Bustadfelt - tilrettelegging	438 000	438 000
Opprusting kommunale bygg	200 000	2 500 000
Vassforsyning	1 250 000	1 250 000
Brann - utstyr og bilar	2 500 000	2 500 000
<b>Sum investeringar</b>	<b>10 088 000</b>	<b>8 938 000</b>

Tiltak som ein førebels ikkje har funne inndekning for;

### KS-022/13 VEDTAK:

3. Tiltak Indre Masfjorden barnehage vert vurdert opp i mot budsjettrevisjonssak i juni



## KONKLUSJON

Driftsbudsjettet 2013 vert justert i tråd med saksutgreiinga,

1. tiltak finansiert med fond
2. føringa i høve disponering av årsoverskot 2012
3. andre justeringa som følgjer

	meirinntekt	meirutgift
eigedomsskatt	870 000	
overføring frå drift til investering		70 000
hurtiglادestasjon		50 000
planar		300 000
legevakt		250 000
pleie- og omsorg		200 000

Investeringsbudsjettet vert justert jf. skjema 2A/2B.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	19.09.2013	046/13	Kristian Moen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 13/348
--------------	---------------------

### **SAK 046/13 - ØKONOMISK RAPPORTERING - 2. TERTIALRAPPORT 01.05. - 31.08.2013**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Økonomisk rapportering 2. tertial 01.05. – 31.08.2013 vert teken til vitring.

#### **Finansiering**

Ikkje aktuelt.

#### **Heimel**

Forskrift om årsbudsjett for kommunar og fylkeskommunar §10.

Økonomireglement kap. 8 om rapportering

## **KS-046/13 VEDTAK:**

**Økonomisk rapportering 2. tertial 01.05. – 31.08.2013 vert teken til vitring.**

### **Det skjedde i Kommunestyret den 19.09.2013:**

Økonomisjef Kristian Moen orienterte om tertialrapporten.

**Økonomisk rapportering 2. kvartal vart samrøystes teken til vitring.**

## SAKSTILFANG:

2. Tertialrapport

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Økonomisk rapportering 2. tertial 2013 skal gje ein status for den økonomiske stoda pr. 31. august 2013, informasjon om vesentlege faktorar som har innverknad på budsjettet og kommentarar frå rammeområda om forhold som gjer det nødvendig med tilpassingar av drifts- og investeringstiltaka.

Praksis i Masfjorden kommune er at 1. og 2. tertialrapport og årsrekneskapen vert handsama politisk.

Rapporten er og nytta som grunnlag for eigen sak om budsjettjusteringar i budsjettet for 2013.

### HØYRING

Rapportering frå einingane er gjennomført med Web-rapportering i økonomisystemet.

### UTTALE

### FAKTA

Sjå vedlagde Økonomiske rapportering for 2. tertial 2013.

### VURDERING

Den økonomiske stoda pr. 31 august 2013 viser at rekneskapen i Masfjorden kommune i store trekk er i samsvar med budsjett.

Hovudtal frå driftsrekneskapen

Kontogruppe	Rekneskap 31.08.2013	Budsjett 2013	% forbruk
Løn og sosiale utgifter	76 906 549	123 887 600	62 %



Driftsutgifter	31 520 414	65 120 900	48 %
Driftsinntekter	116 612 979	189 008 500	62 %

Fordelinga av inntekter og utgifter kjem på ulik tid i året, slik at ein fordeling på  $\frac{2}{3}$  av året ikkje vil gje eit korrekt bilde.

Større avvik som er kome fram i rapporteringa vert handsama i eigen sak om budsjettjustering.

## KONKLUSJON

Tilrår at Økonomisk rapportering 2. tertial 2013 vert teken til vitring.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	19.09.2013	047/13	Aina Isdal Haugland

Arkiv: N-561.4, N-700	Arkivsaknr.: 13/563
-----------------------	---------------------

### SAK 047/13 - MASFJORDSAMBANDET - PILOTPROSJEKT

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret løyver inntil 1,8 millionar til deltaking i pilotprosjekt for Masfjordsambandet. Administrasjonen vil arbeida for å få henta inn midlar frå andre kjelder for å få dekt delar av dette.

#### Finansiering

Inntil 1,8 millionar, der inn til 1 million vert å ta frå kraftfondet/ brufondet, og det resterande må takast over investeringsbudsjettet for 2014.

#### Heimel

**KS-047/13 VEDTAK:**

**Kommunestyret løyver inntil 1,8 millionar til deltaking i pilotprosjekt for Masfjordsambandet. Administrasjonen vil arbeida for å få henta inn midlar frå andre kjelder for å få dekt delar av dette.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 19.09.2013:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om prosjektet.

**Røysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	01.10.2013	Hordaland fylkeskommune; Hordaland fylkeskommune; Statens vegvesen;	Arbeidsgruppe til forskings og utviklingsprosjekt
3	I	15.10.2013	Statens vegvesen Statens vegvesen Region Vest	Arbeidsgruppe til forsknings- og utviklingsprosjekt - FOU - Fjordkryssing Masfjordnes - Duesund

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Masfjorden kommune ønskjer å ta del i eit prosjekt som er med på å utvikle teknologi for kryssing av lengre fjordstrekningar. Dette arbeidet er basert på teknologi knytt til flytebru, der det er mogeleg å leggje inn ein skipspassasje i flytebrua. Det er søkt om patent på teknologien som tillater at skipspassasjen utgjer ein del av flytebrua. Arbeidet som er tilknytt eit prosjekt som Masfjorden kommune vurderer å ta del i, vart byrja i mars 2013 og er basert på designføresetnader som i stor grad gjeld for skjerma, norske fjordar.

LMG Marin har i utviklingsarbeidet sitt fram til tidleg 2013 fokusert på løysingar som tillater at skip heile tida kan passere gjennom seglingsleia, ut i frå eit ønskje om at vegtrafikken ikkje skal påverkast av passerande skip gjennom flytebrua. Dette er løyst ved at ei høgbru med tilhøyrande viadukt.

For ei rekke fjordkryssingar viser det seg at skipstrafikken er avgrensa og i liten grad vil påvirke vegtrafikken. Dette medfører at løysingar som krever stopp i vegtrafikken er akseptable, som vippe- og svingbruer er døme på. Arbeidet LMG Marin har utført til no ser ut til å vise at om høgbrua vert erstatta med ei fleksibel bru, så vil dette kunne gjere flytebrua rimelegare å byggje.

Masfjorden kommune vurderer å gå inn i ei avtale saman med fleire andre aktørar der ein på sikt ønskjer å få realisert rimelege og sikre fjordkryssingar. Gjennom deltaking i eit forskings- og utviklingsprosjekt (FOU) med LMG Marin kan me undersøkje nærare om ei flytebru som tillater skipspassasje samstundes som vegtrafikken vert stoppa i kortare periodar.

Kostnadene ved FOU-prosjektet er for Masfjorden kommune sin del er rekna til å vere 1,8 millionar kr.

## VURDERING

Rådmannen vil visa til at det er ein viss risiko å gå inn FOU – prosjekt med kommunale midlar, sidan ingen veit kor vellukka slike utviklingsprosjekt er på førehand. Risikoen er at den løyvde summen på inntil 1,8 millioner vert brukt opp, og at det viser seg at prosjektet ikkje er realiserbart. Det kan og hende at prosjektet krev meir midlar i neste omgang, fordi det kjem fram ny kunnskap i prosjektet, som igjen krev fleire utgreiingar før ein kan konkludere vidare i saka. Dette er ei vurdering som kommunestyret må drøfta opp mot ønskje om å køyra FOU-prosjektet vidare.

## KONKLUSJON

Kommunestyret løyver 1,8 millionar til deltaking i pilotprosjekt for Masfjordsambandet. Administrasjonen vil arbeida for å få henta inn midlar frå andre kjelder for å få dekt delar av dette.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	19.09.2013	048/13	Aina Isdal Haugland

Arkiv: N-253, N-PERM AVTALAR	Arkivsaknr.: 13/234
------------------------------	---------------------

### SAK 048/13 - KRAFTSPELA 2013

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert ikkje gjort vedtak, men innspela som kjem i drøftingane vil verta tekne med i vidare sakshandsaming som skal opp i neste kommunestyremøte.

#### Finansiering

#### Heimel

#### KS-048/13 VEDTAK:

**Det vert ikkje gjort vedtak, men innspela som kjem i drøftingane vil verta tekne med i vidare sakshandsaming som skal opp i neste kommunestyremøte.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 19.09.2013:**

Samfunnsutviklar Aina Isdal Haugland orienterte om erfaringar frå kraftspela 2013.

Etter orienteringa vart det gruppearbeid.

Det vil bli førebudd sak til kommunestyret om evaluering av kraftspela.

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	05.04.2013	Frivillige lag	Kraftspela 2013 - møte om vakthald
2	I	08.04.2013	Arbeidsgruppa for Sleirsfjellet opp	Sleirsfjellet opp 2013
3	U	23.04.2013	Arbeidsgruppa v/Tone Haugsvær	Delegert vedtak - søknad om støtte til Sleirsfjellet opp 2013
4	U	27.06.2013	Radøy gjerdenett AS	Avtale mellom Radøy Gjerdenett AS og Masfjorden kommune
10	I	05.07.2013	Matre utvikling v/Sigurd Vabø	Underskriven samarbeidsavtale mellom Masfjorden kommune og Matre utvikling for Kraftspela 16. - 18. august 2013
5	U	05.07.2013	Grunneigarane	Parkering på idrettsbana
8	U	05.07.2013	Matre utvikling AS	Samarbeidsavtale mellom Matre utvikling AS og Masfjorden kommune
6	U	05.07.2013	Lars Elling Haugsvær	Kraftspel på Matre 16.-18. august
7	U	05.07.2013	Fleire mottakarar	Kraftspel på Matre 16.-18. august
11	I	09.07.2013	Radøy Gjerdenett AS	Underskriven avtale mellom Radøy Gjerdenette AS og Masfjorden kommune
14	I	22.08.2013	Åse S. Espedal og Olav Espedal	Ytring i høve kraftspela 2013
12	I	22.08.2013	Masfjorden kommune v/barnevernstenesta	Uttale i samband med evaluering av Kraftspela
16	U	18.10.2013	Kjersti.Drangevag@bkk.no,	Sponsormidlar Kraftspela 2013
17	I	25.10.2013	Aina Isdal Haugland	Førebels rekneskap kraftspela 2014
18	N	25.10.2013	Aina Isdal Haugland	Evaluering Kraftspela 2012

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kraftspela vart arrangert første gongen i 2002. Utgangspunktet for arrangementet var eit samarbeid mellom BKK og kommunen. Ideen bak arrangementet var å få til eit arrangement i Masfjorden som

- hadde storleik og trekkplaster som kunne samla masfjordingane og vera attraktivt for publikum utanfor kommunen
- marknadsføra Masfjorden som ein god stad å bu, der det også ”skjedde noko”
- kunne visa både kulturkrefter i Masfjorden og artistar og kulturkrefter utanfrå- og gjerne eit samspel mellom desse.
- ha ein marknad der næringslivet i kommunen kunne bli synleg.



ha ein aktivitetsprofil basert på naturen, idretts- og friluftslivet i kommunen vår

Politikarane bad om ei evaluering av Kraftspela i 2012. Denne er skriven og vart så vidt drøfta, men det trengst ein grundigare gjennomgang. I tillegg har me erfaringar og førebelse resultat for 2013. Kraftspela har utvikla seg og endra seg gjennom dei elleve år arrangementet har vore gjennomført. For drøftinga i kommunestyret må me sjå nærare på ein del spørsmål og stake ut vegen vidare.

Me kan evaluere Kraftspela ved å sjå på sjølve organiseringa av arrangementet, som til dømes kommunikasjon mellom ulike aktørar og korleis dei klarte å gjennomføre helga. Kva fungerte og kva fungerte ikkje av det praktiske arbeidet og måten me jobba saman på? Her er det naturleg å sjå på justeringar knytt til den økonomiske biten eller underhaldninga på scena, korleis deltakarane, utstillarane og dei friviljuge opplevde arrangementet, praktisk gjennomføring av verjeordning og skjenkeløyve med meir. Mykje av dette har administrasjonen gjort med samarbeidspartnarane våre i Kraftspela og i den grad Kraftspela skal halde fram i same format er dette nyttige tilbakemeldingar som me må bruke aktivt i vidare gjennomføring.

Ein annan og langt viktigare del av evalueringa, særskilt om me skal sjå på det som del av samfunnsutviklinga, er å sjå nærare på om me når dei politiske måla våre gjennom Kraftspela. Folketalsauke, livskraftige bygder og eit næringsliv i vekst og utvikling er tre sentrale målsetjingar i kommuneplanen. Masfjorden kommune skal vera ein trygg og god kommune å arbeida, bu og opphalda seg i og det skal vera gode og aktive dagar for alle i Masfjorden. Som delmål i kommuneplanen har me òg det å byggja vidare på dei større kultursatsingane som er etablert, td Kraftspela, Bjørn West-marsjen og Sommarscena.

Oppnår me det me ynskjer gjennom engasjementet vårt i Kraftspela? Brukar me kommuneorganisasjonen på ein god måte slik me jobbar no og med tanke på kva me får igjen for det? I kva grad og korleis er Kraftspela med på å byggje opp under Masfjorden kommune som ein god kommune å bu i? Korleis kan me gjere dette betre?

Kven engasjerer seg i og for Kraftspela? Kan me bruka Kraftspela til å engasjere meir? Kven føler eigarskap til Kraftspela? Er eigarskapen stor nok blant næringsliv, lag og organisasjonar?

Arrangementet må òg vurderast av kommunestyret i eit kost-nytte perspektiv. Eit eksistensielt spørsmål er det økonomiske aspektet- har vi råd til dette?

Kva vil konsekvensane vera om me ikkje lenger arrangerer Kraftspela? Kva skjer om me endrar måten me organiserer det på? Kva mål oppnår me gjennom Kraftspela og kva får me igjen for det arbeidet som vert lagt ned?

## HØYRING

## UTTALE

## FAKTA

Masfjorden kommune brukar i underkant av 3/4 årsverk på Kraftspela.

10901 Forsikring av personell	4.852
11150 Matvarer til forbruk/bevertning	4.899
11306 Porto	2.590
11403 Marknadsføring	52.402
11502 Reiseutgifter/opphald (ikkje oppgavepliktig)	16.804
11701 Drivstoff/olje/rekvisita	4.090
13700 Kjøp av tenester frå private	147.310
13701 Driftstilskot	5.260
13801 Kjøp av tenster frå andre	325.260
14290 Merverdiavgift utenfor mva-loven	39.958
16207 Billettinntekter	-409.381
17290 Momskomp.påløpt i drift	-39.958
19401 Bruk av kraftfondet	-5.260
<b>TOTALT</b>	<b>148.825</b>

Det var 40 utstillarar på marknadsdagen, inkludert politiske parti.

9 ulike grupper frå kulturskulen og 5 andre aktørar opptredde under marknadsdagen. I tillegg vart fleire av utstillarane intervjuet.

## VURDERING

Det vert ikkje gjort vedtak, men innspela som kjem i drøftingane vil verta tekne med i vidare sakshandsaming som skal opp i neste kommunestyremøte.

## KONKLUSJON

**Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 19.09.2013 vert  
vitna:**

---

Karstein Totland  
Ordfører

---

Arthur Sjursen  
kommunestyremedlem

---

Lene H. Kvamsdal  
kommunestyremedlem